

# Redaktørskifte

## – men same kurs

Frå og med nr. 2/2013 har redaksjonen i NOTM fått to nye redaktørar. Ny ansvarleg redaktør er professor Arne Redse. Ny medredaktør er den nye instituttleiaren for Egede Instituttet, Knut Edvard Larsen. Som kjent er det Egede Instituttet som utgir NOTM. Kontinuiteten og erfaringa i redaksjonsarbeidet er representert ved førsteamanuensis Kristin Norseth, som har heile sju år bak seg i redaksjonen. Hennar skarpe blikk for at artiklane må halde mål formelt og vitskapleg saman med hennar erfaring som skribent er godt for redaksjonen å ha med seg vidare.

Førre ansvarleg redaktør, professor Tormod Engelsviken, takka for seg og presenterte ny ansvarleg redaktør i nr. 4/2012. Førre instituttleiari, Rolv Olsen, vart takka av Engelsviken i same nummeret og takka for seg i siste nummeret han redigerte (nr. 1/2013).

Knut Edvard Larsen er misjonsrådgjevar i Tunsberg bispedøme og medlem av økumenisk fagråd same stad. Han har bakgrunn som misjonsprest på Madagaskar. Larsen har altså overteke som ny dagleg leiar for Egede Instituttet etter Rolv Olsen – i 50 % stilling. Han har dermed også overteke Olsens plass i redaksjonen i NOTM. Vi ønskjer han hjarteleg velkommen.

Så er det ei glede å takke Tormod Engelsviken for det store arbeidet han har lagt ned for NOTM sidan han blei medlem av redaksjonskomiteen i 1998 og ansvarleg redaktør frå og med 2006 til han avslutta med nr. 1/2013. Engelsviken fyller 70 år om ikkje så lenge. Han heldt si avskjedsforelesing på Menighetsfakultetet 8. mai. Han ønskte derfor naturleg nok å overlate ansvaret for NOTM til andre. Her er ikkje plassen for ein omfattande omtale av Engelsviken som

misjonsteolog. Men litt bør seiast. I eit festskrift som vart tileigna han i høve 65-årsdagen, vert det teikna eit bilde av ein ruvande misjonsteolog med eit imponerende internasjonalt nettverk.

Dei mange helsingane frå kyrkjelege og teologiske leiarar teikna eit bilde av eit imponerende internasjonalt kontaktnett. Han vart omtala som «kanskje Norges mest internasjonale teologiprofessor».

Ei tilsvarende imponerende breidde ser vi i det faglege engasjementet hans. Misjonsvitenskapen må krysse dei tradisjonelle grensene i teologien – og må nyttiggjere seg vitenskapar som samfunnsvitenskapane og religionsvitenskapen som hjelpevitenskapar. Ein misjonsvitar må derfor vere breitt orientert. Det er Tormod Engelsviken. Han kan kallast ein teologisk allrounder – i samsvar med slik han forstår misjonsvitenskapen, som ein vitenskap med både ei bibelfagleg, historisk, systematisk og praktiskeologisk side.

Misjonsvitaren Engelsviken har gjennom åra publisert eit vell av artiklar, vitenskaplege som populære. Over 20 artiklar har han bidrege med til NOTM. Saman med misjonsprofessor ved Misjonshøgskulen, Jan-Martin Berentsen, og ein tredje misjonsvitar, Knud Jørgensen, redigere han boka *Missiologi i dag*, som i snart 20 år har fungert som den sentrale norske innføringsboka i misjonsvitenskap. Engelsviken har vore engasjert i ei rekkje råd og organisasjonar. Han har vore leiar i Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrkja (1998-2002), medlem i Commission on World Mission and Evangelism i Verdskyrkjerådet (1999-2005), leiar for Den norske Lausane-komiteén (1991-1994), styreleiar i Egede Instituttet (1988-1994 og 1998-2006), leiar for representantskapet i Norsk Misjon i Øst som no kallar seg Stefanusalliansen (1991-2003), medlem i Theology and Strategy Working Group i Lausannebevegelsen (1984-2000) og medlem av Missions Commission i World Evangelical Alliance (2001-). Gjennom fleire år var han ein viktig medspelar i NIME (Nordisk Institutt for Misjonsforskning og Ekumenikk).

Det er lett å sjå av denne breie lista av verv at Engelsviken er ein brubyggjar. Han viser elles eit sterkt engasjement for forfølgde kristne. Det nest siste nummeret han redigerte, var eit dobbelnummer om kristenforfølging (nr. 2-3/2012). Det er ikkje mindre talande at det blei sett punktum med eit nummer der sanningsspørsmålet står i sentrum (nr. 1/2013).

Dåverande styreleiar for Egede Instituttet, Ernst Harbakk, skreiv i festskriftet til Engelsviken – i si helsing til jubilaranten: «Vi som har

hatt det privilegium å arbeide sammen med Tormod, har lært ham å kjenne som en varm og omsorgsfull kristen som brenner for misjonens store sak. Han er en sann økumen, åpen og inkluderende, men samtidig en uredt talsmann for den klassiske misjonstenkning i en moderne tid.» (Med Kristus til jordens ender. Tapir, 2008, s. 19.)

Sjølv om Engelsviken no formelt vert pensjonist, håpar vi at han framleis vil dele av sine innsikter med oss – som foredragshaldar, skribent og forkynnar.

Egede Instituttet vart grunnlagt i 1946 av professor O.G. Myklebust som eit organ for fremjing av misjonsforskning og formidling av misjonskunnskap. Det ønskjer å stå til teneste for både Den norske kyrkja, andre kyrkjesamfunn, kristne organisasjonar, dei teologiske fakulteta og skular som utdannar prestar, misjonærar og lærarar i kristendomskunnskap. Det skal samstundes vere eit organ for økumenisk kontakt og samarbeid. Instituttet er altså å rekne som interkonfesjonelt. Denne profilen må også prege NOTM. NOTM har heilt frå starten av vore ein integrert del av verksemda til Egede Instituttet. Vi er no inne i den 67. årgangen. Tidsskriftet har sidan byrjinga på 2000-talet operert med fagfellevurdering av artiklane og har fått status som vitenskapleg publiseringskanal. I samsvar med endra status skifta tidsskriftet namn til *Norsk Tidsskrift for Misjonsvitenskap* frå og med nr. 1/2007.

Den nye redaksjonen har ingen planar om radikale endringar av profilen til tidsskriftet. Kanskje det bør vere eit mål å nå noko vidare ut både innan kyrkjeleg forskning og i vitenskaplege kretsar elles? Elles vil det alltid vere ei sentral målsetjing for NOTM å forsvare misjonsvitskapen som ein teologisk vitenskap. Meir internt bør vi ha som mål å nå vidare ut ikkje berre til lesarar som studerer og forskar på misjon, men også til misjonærar, som har i oppdrag å omsetje teori til praksis. Derfor bør misjonsmetodikk og misjonsstrategi – misjonsstudiet si praktiske teologiske grein – få god plass. Publisering på internett er eit mål. Saka står på dagsordenen. Publiseringa av artiklar på engelsk har auka dei siste åra. Vi ser nok føre oss at denne trenden vil halde fram. Elles vil redaksjonen setje pris på tilbakemeldingar frå lesarane.

I det føreliggande nummeret publiserer vi tre spennande artiklar av nokså ulik karakter. Eg har gitt opp forsøket på å finne ein fellesnemnar.

Første artikkelen er av den kjende katolske misjonsteologen, professor Robert Schreiter, frå Catholic Theological Union i Chicago. I år var det han som heldt den såkalla O. G. Myklebust minneforelesinga på Menighetsfakultetet – 29. januar. NOTM sikra seg retten til å publisere forelesinga til den verdskjende missiologen. Den ligg no føre som første artikkelen i dette nummeret. Temaet er «Mission as a Ministry of Reconciliation».

Schreiter framhevar at forsoning i kristen tyding ikkje berre dreier seg om tilhøvet til Gud (den vertikale dimensjonen), men også om tilhøvet til medmenneska og til skaparverket som heilskap (den horisontale dimensjonen). Samstundes understrekar han at forsoninga med Gud er det grunnleggande elementet i den kristne forståinga av forsoning. Den er kjelda til alt kristent forsoningsarbeid på det horisontale planet.

Når det gjeld forsoning på det horisontale planet, dreg han inn fleire element som vi må vedgå har fått lite merksemd i vår samanheng. Det dreier seg ikkje minst om det som forsoninga må medføre av «healing» av både «victim» og «wrongdoer», «truth-telling» og sann syndsvedkjening i denne samanhengen, «pursuit of justice» – kva eit rettferdig oppgjer bør innebere, og til slutt «forgiveness» – basert på dei tre føregående punkta.

I ein artikkel i NOTM nr. 3-4/2011 viser professor Oskar Skarsaune korleis rabbinsk jødedom i 2. til 6. hundreåret langt på veg definerte seg ved hjelp av ein medviten avgrensing både i høve til dei jødekrystne og i høve til den større heidningkrystne kyrkja. Derfor bør vi helst ikkje omtale den rabbinske jødedommen som kristendommens mor eller eldre søster, men heller omtale dei to religionane som søsken med felles opphav. Ei rekkje jødiske forskarar bidrog til gjennombrøtet for dette nye paradigmet. Professor Torleif Elgvin ved NLA Høgskolen Staffeldtsgate påviser det same i sin artikkel i føreliggande nummer. Og han underbygg dette synet ytterlegare med å påvise at både tidleg jødedom og seinare rabbinsk jødedom – faktisk så lenge som opp til høgmiddelalderen – tolka Herrens tenar i Jes 50 og 53 som eit enkelt individ – gjerne Messias, og ikkje kollektivt om jødefolket. Først på 1100-talet medførde jødiske reaksjonar mot det kristne presset overfor jødedommen til at det vart vanleg å tolke tenaren som det jødiske folket – kollektivt. Dette vart så det einerådande synet. Men det fanst altså i lang tid rom for ein lidande Messias i jødisk tradisjon.

I andre delen av artikkelen eksemplifiserer Elgvin den kontinuerlege dialogen og gjensidige polemikken mellom rabbinismen og kristendommen ved å trekkje fram visjonsstoffet i Openberringa 11-13 – og parallellar til dette i jødiske skrift.

I siste delen spør han om det kan vere rett å kristianisere ein jødisk påskeliturgi – slik det er blitt gjort i forskjellige kristne grupperingar i vår tid, spesielt i messianske forsamlingar. Det som problematiserer ei slik kristianisering, er – som Elgvin påviser – at påskeliturgien faktisk inkluderer ein viss polemikk mot nettopp kristendommen.

Kristin Fjelde Tjelle, høgskoledirektør ved Misjonshøgskolen, analyserer i sin artikkel konstruksjonen og endringa av maskuliniteten til misjonærar som vart sende ut for Det Norske Misjonsselskap til Natal og Zululand (i dag: KwaZulu-Natal) i Sør-Afrika mellom 1870 og 1930. Ho legg til grunn at maskulinitet ikkje er ei indre naturgjeven og uforanderleg sak, men at den består av idear og sosiale vanar som varierer frå kultur til kultur og endrar seg over tid. Artikkelen dreier seg om spenninga mellom ideelle kristne dygder og det kravet til maskulinitet som eit tøft misjonærliv stilte. Ho trekkjer inn fleire eksempel som ho analyserer med omsyn til problemstillinga, blant andre tre generasjonar Titlestad (far, son og soneson).

Tjelle argumenterer for at det som vart rekna som den ideelle misjonærmaskuliniteten i norsk misjon oppstod som ein kombinasjon av idear frå moderne, mannleg sjølvrealisering (self-making) ved slutten av 1800-talet og kristne dygder som det kristne idealet om audmjukskap og sjølvfornekting. Det dreidde seg om ein kombinasjon av ein sterk karakter med maskulin sjølvhending og sjølvfornekting. Balansen mellom dei to elementa var viktig. Sjølvkontrollen styrde denne.

Ho finn denne kombinasjonen av maskulinitet og kristne dygder mellom anna i den kjende misjonssalmen *Din rikssak, Jesus, vere skal min største herlighet*. Misjonæren er «uverdig», og treng det «ømme frelsersinn» for å bli «sterk og varm», med «kjærlighetens offerbrann», så han kan vere «til døden tro, tålmodig sterk og fro». Her vert både mjuke og sterke karaktertrekk kombinerte.

*Arne Redse*